



DET KONGELIGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Høyringsinstanser i henhold til liste

Deres ref

Vår ref

Dato

16/5600-

04.10.2016

Høring – Barn sin rett til medverknad og medråderett etter pasient- og brukarrettslova, helsepersonell si ivaretaking av barn som pårørande og etterlatne, diverse andre endringar i helsepersonellova m.m.

Innleiing

Helse- og omsorgsdepartementet sender på høring forslag om endringar i fleire lover og enkelte forskrifter på helse- og omsorgstenestefeltet. Dei fleste av forslaga gjeld endringar i pasient- og brukarrettslova og helsepersonellova.

Ein større del av forslaga gjeld barn, blant anna barn sin rett til medverknad og medråderett ved yting av helse- og omsorgstenester, samtykke frå foreldre ved vaksinasjon av barn etter barnevaksinasjonsprogrammet og helsepersonell si ivaretaking av barn som pårørande til søsken med alvorlege helseproblem og som etterlatne etter foreldre og søsken som dør.

Forslaget omfattar også å harmonisere straffeføresegnene for brot på teieplikta etter helselovgivinga med straffeføresegna for brot på teieplikta i straffelova, å utvide nemndleiar sin tilgang til å avgjere saker og moglegheitene til å delegere frå Helsepersonellnemnda til sekretariatet. Vidare er det foreslått fleire endringar av meir teknisk karakter i helsepersonellova, å oppheve kravet i apoteklova § 3-2 første ledd bokstav a og å tydeleggjere verkeområdet til pasientskadelova.

For ei kortfatta oppsummering av forslaga, sjå kapittel 1 i høyringsnotatet.

Innsending av høyringsvar

Høyringsvar kan leverast digitalt på denne sida: (lenke til den aktuelle saken på <https://www.regjeringen.no/no/dokument/hoyringar/id1763/?ownerid=421>)

Høyringsinstansane kan registrere seg, mellomlagre svaret og laste opp vedlegg.

Høyringsinstansane kan også sende høyringsvar utan å registrere seg.

Høyringsinstansane blir bedne om å vurdere om saka bør sendast til underliggande etatar eller verksemdar, tilknytte verksemdar, medlemmar e.l.

Alle kan gje høyringsuttaler. Uttaler er som hovudregel offentlege etter offentleglova og vil bli publisert.

Høyringsfristen er sett til **5. desember 2016**.

Med vennleg helsing

Kari Sønnerland (e.f.)
ekspedisjonssjef

Åshild Flatebakken
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrevne signaturar.